

Uskedalen erstattar Rosendal som cruisebåtdestinasjon.

31.03.2018



Store cruiseskip i AIDA klassen vil ankra opp på Stølavikjo i sommar.

Det er no bestemt at Uskedalen erstattar Rosendal som Cruisebåthamn. Årsaka er at det ikkje let seg gjera å ta iland crusiebåtgjester slik det ser ut på Skåla for tida, med anleggsarbeid og husbygging i strandsona. Helge Møller i Cruise Destination Hardangerfjord er godt nøgd med at Uskedalen kan ta denne oppgåva på kort varsel. Det handlar trass alt om heile 23 skip med tilsaman 14000 passasjerar.

Det som er unikt med Uskedalen, er at bygda har djupvasskai på Børnes. Alle cruiseskip med ein storleik opptil 50000 DWT vil gå til kai. Større skip vil ankra opp på Stølavikjo og gjestene vert ført i land med tenderbåtar, som faktisk er produserte på Schat Harding i Kvinnherad.

Jan Helge Pile i Color Line, før cruisereiarlaget RCCL, fortel til Uskedalen.no at det ikkje er problem med å ta store skip til kai på Børnes. Omáde må ryddast for tømmer og anna skrot, noko Jarle Fossheim i Kvinnherad kommune har lova vert gjort i god tid før fyrste anløp 23. april. Børneskaien vert såleis ikkje brukt til utskiping av tømmer i sommar.



MS AMADEA har meldt inn to anløp til Uskedal i sommar, 30. juni og 28. juli.

Uskedal utvikling har ansvaret for program og logistikk. Leiar Gunn Mari Moberg seier at Uskedal utvikling jobbar på sprek med å sy saman eit program gjestene vil lika. Alle vert helsa velkomne til Uskedalen med trekkspelmusikk av hamnesjef Hans Gustav Mussland og gruppa Rustne Menn. Guidane er utpeika. Det er Åse Myklebust Neset og Reidar Myklebust på høvesvis tysk og engelsk, Gianni Rebaudo på italiensk og Rita Schneider Ramondue på fransk. SPAR vurderer sundagsopen butikk dei gongene besøka er på ein raud dag i kalenderen.



Gjesten vert helsa velkomne på Sandakaien med trekkspelmusikk av Hans Gustav Mussland og seniorgruppa Rustne Menn. Det vert guida tur opp dalen med stopp i siloane til Elin Enes, på Friheim Gardsmat og skulemuseet på Haugland. Bjørn Olav Tveit vil syna plassane for dristige og luftige nedkjøringar på ski i Ulvenoso. Han vil også ha eit kort innlegg om fjellklatring og om beringar med Sea Kingen.

Mange av passasjerane er interesserte i elvekultivering. Difor vert det arbeidd med å få lagt inn føredrag om elvefiske med stopp ved Kalkstasjonen i Børsdalselva. Eleveigarlaget er svært positive til dette tiltaket. Uskedalelva er trass alt ei av dei beste aure- og lakselvane på Vestlandet, sjølv om registrert pukkellaks trugar bestanden.

Skorpo er eit aktuelt turmål, med guida tur til Tunet i det blå og vidare opp på Skorpefjellet. Returnen går til det nyrestaurert eldhuset i tunet hos Marit og Oskar Langballe. Når Elin Enes no sluttar med brødbaking, vil det vera ein attraksjon å koma til Skorpo å få smaka Marit sine nysteikte brød. Dersom tida strekk til vil ein kunna sjå plassen Der ingen kunne tru at nokon kunne bu.

Derom sommarsesongen vert vellukka, vert ei varig ordning med Uskedalen som cruisebåthamn vurdert.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto/Kristian Bringedal/Arne Rød/Morten Nygård - Grenda



Jan Helge Pile vil ha kontakten med skip og mannskap og sjå til at alle anløp vert gjort på ein trygg og sikker måte.